

Rapport innbyggjarundersøking, yngre

Ny samfunnsplan, Gulen kommune

Bakgrunn for undersøkinga: Undersøkinga skal sikre medverknad i arbeidet med ny samfunnsplan. Den gjeld aldersgruppa 18 år til 29 år; dei yngre vaksne i kommunen som ikkje vart inkludert i den første spørjeundersøkinga.

-Kva er viktig for denne aldersgruppa for at ein saman kan byggje Gulen kommune. Svara skal bidra til å forme satsingar for dei neste 12 åra.

Om spørjeundersøkinga: Prosjektleiargruppa har fått bistand frå frivillige i aldersgruppa til å utarbeide undersøkinga.

Det vart utarbeidd 24 spørsmål, der 15 av desse var obligatoriske og bestod av avkryssing – anten ein eller fleire alternativ. Undersøkinga hadde i tillegg fleire spørsmål der ein kunne kome med innspel i ope skrifefelt, desse var frivillig å fylle ut. Avslutningsvis var det to spørsmål der ein kunne registrere seg som bidragsytar i nye spørjeskjema ved å legge inn kontaktinformasjon. Det var estimert at undersøkinga tok om lag 5 minutt.

Alle innbyggjarane i Gulen fødd mellom 1993 og 2004 fekk sms med link til spørjeundersøkinga.


Tidsrom: 14. juni til 28. juni – 2022. Det vart sendt ut påminningsmelding etter ei veke.

Oppslutnad: 118 svar / 38 prosent.

Svakheit ved undersøkinga: Det var mogleg å svare på undersøkinga meir enn ein gong. Det er ingen mistanke om bevisst handling for å påverke resultata ved å sende inn svar mange gongar.

Resultat

Spørsmål 1: Kjønn.



Spørsmål 2: Kva aldersgruppe høyrer du til?

| | |
|------------|----|
| ● 18-24 år | 69 |
| ● 25-29 år | 49 |



Spørsmål 3: Sivil status.

| | |
|----------------|----|
| ● Singel | 56 |
| ● Kjærast | 34 |
| ● Sambuar/gift | 28 |
| ● Annet | 0 |



Spørsmål 4: Kva skulekrins høyrar du til?

| | |
|-------------|----|
| ● Brekke | 25 |
| ● Byrknes | 22 |
| ● Dalsøyra | 46 |
| ● Eivindvik | 25 |




Spørsmål 5: Kva fullført utdanning har du?

| | |
|--------------------|----|
| ● Grunnskule | 10 |
| ● Vidaregåande | 48 |
| ● Høgare utdanning | 27 |
| ● Fagbrev | 29 |
| ● Annet | 4 |



Spørsmål 6: Er du under utdanning no?

| | |
|---------|----|
| ● Ja | 49 |
| ● Nei | 67 |
| ● Annet | 2 |

**Spørsmål 7: Planlegg du å ta ytterlegare utdanning?**

| | |
|------------------------|----|
| ● Nei | 39 |
| ● Ja, vidaregåande | 4 |
| ● Ja, høgare utdanning | 58 |
| ● Ja, fagbrev | 11 |
| ● Annet | 6 |

**Spørsmål 8: Ser du for deg ei framtid som innbyggjar i Gulen kommune?**

| | |
|-----------|----|
| ● Ja | 68 |
| ● Nei | 9 |
| ● Usikker | 41 |



Det er gledeleg å sjå at det er få som svarer *nei* på dette spørsmålet. Over halvparten har svart *ja*; at dei kan tenke seg ei framtid som innbyggjar i Gulen. I underkant av 35 prosent er usikre.

Av dei som har svart *nei*, så er dette i all hovudsak den yngste aldersgruppa – og dei er single. Det er også den yngste aldersgruppa som dominerer i kategorien *Usikker*.

Det vil vere viktig å sjå på korleis ein kan få ungdomane og yngre vaksne til å ynskje å flytte tilbake til kommunen etter vidaregåande og høgare utdanning.

Spørsmål 9: Kva er årsaka til at du eventuelt ikkje ser for deg ei framtid i Gulen?


Det er lagt inn 53 svar på dette spørsmålet. Fullstendig oversikt ligg nedst i denne rapporten. Gjentakande er manglande fritidstilbod, jobbmoglegheiter i kommunen etter endt utdanning og moglegheit til å bygge hus der ein sjølv ynskjer i kommunen.

Spørsmål 10: Er det noko kommunen kan gjere for at du vil bli buande i Gulen?

Det er lagt inn 68 svar på dette spørsmålet. Fullstendig oversikt ligg nedst i denne rapporten. Gjentakande er auka fritidstilbod i kommunen, jobbmoglegheiter og møgleheit for å byggje hus der ein ynskjer i kommunen.

Spørsmål 11: I kva grad er du fornøgd med å bu i Gulen kommune, 5 er best.


44% har vurdert 4 eller 5. Gjennomsnittleg er det registrert 3,42.



Det er fleire som har registrert toppscore (4 eller 5) enn «bunnscore» (1 eller 2).

Om lag 76 prosent har registrert 3 eller 4, noko som tyder på at fleirtalet av dei yngre vaksne trivst i kommunen.

Spørsmål 12: Kva er viktig for deg for å fortsette å bu i kommunen? - maks 3 alternativ.



Resultatet viser at *Eit godt bualternativ* (60%) og *Gode oppvekstvilkår* (57%) scorar høgst, tett fulgt av *Inkluderande miljø* (46%) og *Idrettshall med fleire treningsmøgleheter* (46%).

Dette er naturlege innsatsområder i tida framover.

Spørsmål 13: Bur du i ein bustad som du eig sjølv eller er du leigetakar?

| | |
|--------------------------------|----|
| Eig sjølv | 26 |
| Leigetakar og fornøgd med det | 6 |
| Leigetakar, men ynskjer å eige | 29 |
| Bur saman med familie | 52 |
| Annet | 5 |

**Spørsmål 14: Føler du at du er inkludert i miljø som du ynskjer å delta i?**

| | |
|--------|----|
| Ja | 67 |
| Delvis | 40 |
| Nei | 11 |



Når det gjeld desse 11, så ser vi ingen samanheng i forhold til kjønn, alder, sivil status, kvar dei bur eller utdanningsnivå. Men dei 5 som har registrert at dei alltid er einsam (spørsmål 15) er representert i denne gruppa.

Spørsmål 15: Føler du deg einsam nokon gongar?


| | |
|----------------------------------|----|
| Aldri | 53 |
| Ofte, meir enn ein gong i veka | 13 |
| Nokon gongar, meir enn ein go... | 47 |
| Alltid | 5 |




- Nokon gongar, meir enn ein gong i månaden.

45 prosent melder at dei *aldri* er einsam, medan 4 prosent melder at dei *alltid* er einsam. I mellom desse ytterpunktene finn ein at 40 prosent er einsam nokon gongar – det vil sei meir enn ein gong i månaden. 11 prosent kjenner seg einsam meir enn ein gong i veka.

Spørsmål 16: Kunne du tenke deg å delta i følgjande aktivitet jamnleg?



Spørsmål 17: Kunne du tenke deg å vere initiativtaker i ein eller fleire aktivitetar dersom du delte ansvaret med andre?



Potensiale for bidragsytalarar i målgruppa er til stades då om lag ein tredjedel har svart *ja* på dette spørsmålet. Utfordringa er at det berre er 3 personar som har registrert seg med kontaktinformasjon for å sikre samarbeid mellom innbyggjarane og kommunen for å auke aktivitetstilbodet.


Spørsmål 18: Kva aktivitet vil du eventuelt vere med å organisere, saman med andre?

Det er lagt inn 39 svar på dette spørsmålet (utgjer 33 prosent).

| | | |
|---|-------------------|------------------------|
| Aktivitetar på fritid for barn og unge. Der dei kan være med på å bestemme kva aktivitet som skal gjennomførast | Handball for barn | Pistolskyting. Padling |
|---|-------------------|------------------------|


| | | |
|---|--|--|
| Ballspill, fotball | Handball og innebandy | Riding og paintball |
| Bilrally over Verklandshøgda | Havsport | Rydding av skog |
| E-Sport | Håndball | Styrkeløfting |
| E-sport/gaming | Innebandy, padling | Turning |
| Fotball | Innebandy. Paintball. | Ultimate frisbee |
| Fotball | Kampsport | Volleyball |
| Fotball | Luftsport | Volleyball |
| Fotball og friidrett | Organisert aktivitet med hest. Har hestar sjølv, men treng fasilitetar for å kunne gje eit godt tilbod til andre som vil vere med. | Volleyball, badminton, dans, pil og bue, padling, og dykking om mulig. |
| Fotball og handball | Organisert trening i form av crossfit eller liknande | Volleyball, og evt. styrketreningsøkter eller crossfit |
| Fotball, volleyball, basket, innebandy, skating | Paintball | Volleyball, sosiale treff |
| Fotball/tennis/paintball | Paintball | Volleyball. Kampsport, paintball |
| Frisbee golf avdeling Eidsbotn | Paintball, tennis, volleyball | Volleyballtrening og organisere musikk |

Spørsmål 19: Kva er viktig for deg for at du skal bu i Gulen om 15 år, kryss av på dei 3 viktigaste.



Her ser ein at *Attraktive arbeidsplassar* og *Godt bualternativ* scorar høgst, tett fulgt av *Møtestadar* og *Inkludert i nettverk*.

Spørsmål 20: Kva slags møtestadar er det viktig å satse på? Vel dei 3 viktigaste.



Serveringsstad og idrett/trening er særleg etterspurtnår det kjem til møtestadar. Vidare er ungdomshus/klubbhus og attraktive senter i skulekrinsane viktige.

Resultatet kan tolkast slik at dei yngre innbyggjarane ynskjer uformelle arenar der ein kan møte andre på same alder. Det kan vere sentralt at det ikkje forpliktar til deltaking, men at ein kan ut å treffe andre når ein sjølv ynskjer.

Spørsmål 21: Kva er beste måten å formidle det som skjer i dei ulike bygdene?

Det er komme inn ei rekke innspel på dette spørsmålet: Sosiale medier som facebook, instagram, TikTok og snapchat, infoposten, oppslag på butikkane og i busskur, informasjon via skulane, heimesida til kommunen, mail og sms, lokalavisa.

Spørsmål 22: Har du noko som du vil formidle om kva som skapar god trivsel i kommunen?

34 innspel er lagt inn på dette spørsmålet.

| | |
|---|---|
| At alle plassar i kommunen blir behandla likt av kommunen. | Gode turmuligheter, fin natur og kyst |
| At me har aktivitetar slik at ein kan bli kjent med folk frå dei ulike bygdene. | Fritidsaktivitetar med engasjerte leiarar |
| Auka lønn, opne ein Cafe. | Inkludering, fritids- og aktivitetstilbod |
| Betre vegar | Tilbod for unge folk om å bygge seg hus |
| Betre vegar. Idrettshall i Sløvåg. Gode bustadalternativ | Konserter. Symjehall og fleirebrukshall. |
| Bilmiljø | Korps er eit inkluderande miljø. Dugnadsarbeid, skulen |
| Byggefelt, gode naboskap, møteplasser som fleirbrukshall | Lavterskeltilbud som faktisk er lavterskel. |

| | |
|---|--|
| Det må bli enklare å busette seg og etablere seg i kommunen. Dette inkluderer bustad, fritidstilbud, arbeid og sosiale miljøer. Skal unge ynskje å starte familie her må skulane være meir attraktive. Ein må sjå på muligheter for å til dømes slå samman ungdomsskulane (eks. Brekke og Matre). Det må etablerast betre treningssentre/rom og felles aktivitar eller arrangement som samlar jevnaldrande. | Legg meir tilrette for sosiale settinger i alle aldersgruppe. Og for meg som ynskjer å bygge hus er det særskilt viktig at kommunen ikkje setter stopper for dette, fordi eg ikkje bygger i kommunalt byggffelt. Høyrer mange seier dei kjenner seg uønska av kommunen til å flytte heim, dette kan eg til dels kjenne meg at i. Slik bør det ikkje vere! Ta godt i mot alle, uavhengig om dei byggjer i Eivindvik eller ei. |
| Distrikta og begynn med kommunale gatelys i bygdene | Mindre eigendomskatt, enklare med bygjesøknader/tomter osv. |
| Ein møteplass for ungdom der alle kan delta han, hen eller hun | Mogelegheita å sitte inne, til dømes på butikken |
| Samankomster | Når det er ein så liten kommune som Gulen kan det være vanskelig for alle å finne venner, og det er ein stor faktor på eiga trivsel. Eit tilbod til alle aldre, der det er jamlege møter/aktivitetar ein kan delta på for å være litt sosial. Det er mange som er einsam og eit slikt tilbod kunne ordna mykje. Det er også viktig og tenke på at ein treng venner eller nokon å snakke med uansett alder. Om man er 18 eller 90 er det viktig for den psykiske helsa å møte folk ein gong i blandt. Så om det hadde vore et tilbod vertfall ein gong i månaden trur eg det hadde vert eit høgdepunkt for mange. Det skal ikkje ofte så mykje til, men ein liten samling ein gong i blandt med ulike aktivitetar som t.d. brettspill/bingo, fotball, fjelltur, kaffe og prating, alt som er litt meir sosialt enn kva det er no, trur eg hadde hjulpe for mange. Gulen kommune er veldig flinke på desse punkta frem til ein sluttar på grunnskule. Etter det har ein lite å velge mellom. |
| Fellesskap og møteplassar | |
| Flott natur og hyggelige folk. Eg trur mykje ligg i heimstaden. | |
| Å ha enklare/raskare prosess og stønad for å la private / bedrifter som ynskjer å bygge ut ulike stader/prosjekt som folk kan få nytte av samlast sosialt. | Samhald mellom ungdomane. No er det mykje opp til at personar opnar huset sitt for å arrangere fest, men ein kunne hatt eit hus der ein slepp å betale avgifter for å nytte |
| for meg som er ung/ungvoksen så skaper det god trivsel når det blir arrangert pub-kvelder og idrettstilbud og evt. arrangerte fjellturer. | Samhald, opent og inkluderande miljø - for både nytiflyttara og innbyggjarar. |
| God kommunikasjon | Samhald |
| Eit betre samhald mellom kommunen og industrien. Komme til einighet om til dømes idrettshall | Inkludering. Det er viktig å ha ulike utval av butikker. Eks eit apotek hadde vert lurt. |

Spørsmål 23: Viss du ynskjer å bidra til auka aktivitet i kommunen, så kan du trykke deg vidare på fylgjande link.

3 stykk har registrert seg her.

Dette er ikkje i samsvar med spørsmål 17, der 32 prosent har svart ja på spørsmål om dei kunne tenke seg å vere initiativtaker for ein eller fleire aktivitetar dersom ein delte ansvaret med andre.

Det er synd at det er så få som har valt å registrere seg. Her har ikkje kommunen lukkast med å skape ein låg terskel for å samhandle.

Spørsmål 24: Viss du kunne tenke deg å bidra med å formidle informasjon om ulike aktivitetar for personar mellom 18 og 29 år, så kan du trykke deg vidare på fylgjande link.

2 stykk har registrert seg her.

I utgangspunktet handla dette spørsmålet om å vere med å spreie informasjon til eiga målgruppe. Det kan vere så enkelt som at når kommunen har delt informasjon om ein aktivitet som gjeld denne målgruppa, så deler desse personane informasjonen vidare for å sikre at flest mogleg får det med seg.

Det kan tenkast at spørsmålet ikkje var tydeleg nok då det er så få som har registrert seg.

Vurdering av resultat

Mange meinat at det er for lite fritidstilbod i kommunen. Samtidig melder om lag ein tredjedel av dei som har svart på spørjeundersøkinga at dei kunne tenke seg å vere initiativtaker for aktivitetar i lag med andre. Det er synd at berre 3 personar har registrert seg med kontaktinformasjon (spørsmål 23). Spørjeundersøkinga hadde som målsetnad å finne ut korleis kommunen og dei yngre vaksne saman kan utvikle kommunen. Resultatet viser at kommunen må tenke annleis. Det kan vere aktuelt å fylge opp med å arrangere ein kick-off for å samle dei yngre vaksne i kommunen og idrettslag for å diskutere moglegheiter.

Det er også mange som melder om utfordringar knytt til tomter, bustadbygging, søknadsprosess, gebyr og økonomisk stønad. Det er leit at mange opplever at det er ein vanskeleg og uoversiktleg prosess for å få oppfylt draumen om å byggje eige hus. Her kan kommunen imøtekome eit tydeleg behov, og gjere det lettare å skaffe oversikt over kvar det er mogleg å byggje og kvar det ev. vil vere vanskeleg. Det er viktig å merke seg at kommunen har eit strengt regelverk som dei skal forvalte og at vi har lite spelrom til å dispensere frå lovkrav.

Vedlegg:

Spørsmål 9: Kva er årsaka til at du eventuelt ikkje ser for deg ei framtid i Gulen?

| | |
|---|---|
| 1 | Det er lite som skjer. |
| 2 | Det er alt for lite som skjer i Gulen. |
| 3 | For lite fritidstilbod og kollektivtilbod. Alt som skjer skal ligge i Eivindvik. |
| 4 | Det er lite å gjøre på. Få fritidstilbod. Ingen møteplassar. Ingen jobbmoglegheiter. |
| 5 | Dårlege vegar. |
| 6 | For innestengt. Lite fritidsaktivitetar. Lite kollektivtransport. Ferge fast. Dyr med ferge til byen. Lite møteplassar. |
| 7 | Eg har lyst til å utforske andre plassar. |
| 8 | Er ikkje noko spesielt å gjøre for dei på min alder. |
| 9 | Ingen butikkar som har ope seint. |

| | |
|----|--|
| 10 | Lite fritidsaktivitetar og lange distansar. |
| 11 | Viss ikkje skule- og oppveksttilboda er tilfredsstillande så er ikkje ei framtid i Gulen aktuell. |
| 12 | Jobbmoglegheit. |
| 13 | Dårleg miljø. Langt å reise. |
| 14 | Kvar skal eg bu? |
| 15 | Vi må bu i telt dersom vi ikkje får byggjefelt på Dalsøyra. |
| 16 | Vanskeleg å få gjennom byggesøknad. |
| 17 | Jobbmoglegheit. |
| 18 | Jobb. |
| 19 | Alt er vanskeleg, og folk får ikkje bu i dei områda som dei høyrer heime i. Kommunen må vere glad for at folk flyttar og buset seg her; hjelpe dei med å få bu der dei vil. Fjern alle søknadsgebyr; i allefall dersom noko ynskjer å byggje for å busetje seg i kommunen vår. |
| 20 | Gulen kommune er veldig gniten. På arbeidsplassen er det alltid snakk om sparing, sparing, sparing. Kommunen set ikkje pris på fast tilsette. |
| 21 | Har lyst til å bu på ein større plass. |
| 22 | Trivs veldig dårleg og har gjort det lenge. For meg som ungdom / ung voksen er det få tilbod som er interessante. Lite å finne på og delvis lang reiseveg for å komme til andre butikkar enn Joker og Bunnpris. |
| 23 | Bustad og fritidstilbod er vanskeleg. Det er vanskeleg og tidskrevjande å få byggjeløyve samanlikna med å kjøpe bustad i til dømes Bergen eller Førde. |
| 24 | For mykje politi, det manglar bilbane samt at det er for mykje pengar i Eivindvik. |
| 25 | Jobb og sosialt liv. Ikkje bli akseptert som innbyggjar. |
| 26 | Viss eg skal flytte tilbake vil eg ha moglegheit til å kunne byggje hus og bu utanfor bustadfelt. Det er få fritidstilbod slik som symjehall / klatrehall. Dersom eg får born vil eg gje dei moglegheit til å velje fritidsaktivitetar utover fotball. |
| 27 | Ujamn satsing; for lite mot Sløvåg/Hovden og meir mot Eivindvik. |
| 28 | Mangel på til dømes idrettshall / fleirebrukshall i nærområdet. For lite fokus på ungdomen. |
| 29 | Litt for langt frå byen. Saknar fleire / større bustadfelt og stadbar som er tilrettelagt for born utan å leike på skulen sitt område. For få fritidstilbod / aktivitetar. |
| 30 | Treng fleire tilbod. |
| 31 | Få fritidstilbod og dårleg kollektivtransporttilbod. |
| 32 | Lange avstandar og dårlege vegar. Lite folk og fare for veldig små klassar for framtidige born. |
| 33 | Årsaka er at eg ikkje får busetje meg der eg vil. Det er jo berre problem dersom ein ikkje buset seg i Eivindvik eller Hovden. |
| 34 | Hovudårsaka er at det er vanskeleg å finne seg hus. Det er for dårleg tilbod knytt til fritidsaktivitetar og kultur for borna mine i framtida. Foreløpig få jobbmogleheter. Dårleg kollektivtransporttilbod i kommunen. |
| 35 | Hovudårsaka er at ein ikkje får byggje bustad der ein ynskjer. |
| 36 | Det er få på min alder som vil bli buande i kommunen etter endt utdanning. Det er lite fritidsaktivitetar å velje mellom. Dårleg kollektivtransporttilbod. Manglar apotek, vinmonopol og utval av butikkar som klesbutikk. Dårlege og uoversiktlege vegar i heile kommunen. |
| 37 | Arbeidsplass og utdanning. |
| 38 | Jobbtilbod. |
| 39 | Jobb. |

| | |
|----|--|
| 40 | Få tilbod som tilfredsstiller mine behov og det er ingen jobbar som passer mine interesser. |
| 41 | Jobbtilbod. |
| 42 | Det er for få politikarar som jobbar for områder som krinsane Hovden og Eidsbotn. Alt skal til Dalsøyra eller Eivindvik. |
| 43 | Eg er ikkje interessert i å bu i bustadfelt. |
| 44 | Nedlegging av skule. Dieselprisar. Fritidstilbod til born. |
| 45 | Mangel på fritidstilbod. |
| 46 | Mellom anna dårlig fritidstilbod. |
| 47 | Arbeidsplassar knytt til utdanning. |
| 48 | Dei fleste klarer ikkje å leggje frå seg privatlivet heime når det kjem til jobbsøking med meir. |
| 49 | Jobbmoglegheit. |
| 50 | Gulen kommune legg ikkje tilrette for born og unge. |
| 51 | Jobbmoglegheiter etter endt utdanning, og om framtidig partner ikkje ynskjer å bu i Gulen. |
| 52 | Det manglar utbygging av nye hus / leilegheitskompleks. |
| 53 | Det er for lite å finne på. Det skulle vert symjebasseng på Dalsøyra. |

Spørsmål 10: Er det noko kommunen kan gjøre for at du vil bli buande i Gulen?

| | |
|----|--|
| 1 | Fjerne eigedomsskatten, leggje meir til rett ved å byggje fleir brukshall eller liknande. |
| 2 | Satse på tilbod til dei unge, halde på innbyggjarane ved å tilby gode jobbmoglegheiter samt ta vare på / fylgje betre opp dei som arbeidar i kommunen. |
| 3 | Betre vegar. |
| 4 | Arrangere forskjellelege ting slik at ein kan samlast. Møtestadar. Større fritidstilbod. Hjelp til jobb. |
| 5 | Utbetra vegane. Btre helsetenestetilbodet samt jobbmoglegheiter. |
| 6 | Auka fritidstilbod og kollektivtransporttilbod. Etablere møteplassar. |
| 7 | Noko sosialt slik at folk kan samlast. Til dømes plenen som vart teikna i Sløvåg. |
| 8 | Fleire arbeidsplassar og pub. |
| 9 | Nei, det trur eg ikkje. |
| 10 | Felles ungdomsskule. |
| 11 | Eg skulle ynskje at kommunen viste større interesse for dei som byggjer i bygdene. Eg veit at ein får 40.000 kr dersom ein byggjer hus her. Eg skulle ynskje at det var ein høgare sum slik at fleire unge får lyst til å byggje i kommunen. |
| 12 | Lage fleire møteplassar for barn og unge. |
| 13 | Gjere det lettare å skilje ut tomt der ein sjølv ynskjer å busetje seg. |
| 14 | Meir utbygging og betre fritidstilbod for barn og unge. |
| 15 | Tomt med havutsikt på Byrknes. |
| 16 | Moderne legekontor. |
| 17 | Ynskjer meir informasjon om kvar det er mogleg å byggje hus utanfor kommunale bustadfelt. No er det plutseleg ras- og snøskredfare alle stadar, og uthyring grunn der det har stått hus i over 100 år. |
| 18 | Fleire varieter arbeidsplassar. |
| 19 | Auka fritidstilbod i kommunen, gjerne med symjebasseng. Styrk dagkompetansen til dei tilsette i barnehagen. |
| 20 | Auka fritidstilbod for barn og unge, gjerne riding og symjebasseng. |

| | |
|----|--|
| 21 | Byggje fleire idrettsanlegg for ulike idrettar. |
| 22 | Gjere det lettare å få byggje hus. |
| 23 | Jobbmogleheieter. |
| 24 | Auka fritidstilbod for barn og unge. Gjere kommunen til ein god plass å bu for barna våre. Auka kulturtilbod og breiare tilbod knytt til idrett og akrivitet. |
| 25 | Jobbmogleheieter. |
| 26 | Byggje fleirbrukskall / idrettshall og/eller symjebasseng. |
| 27 | Møteplass for unge vaksne; aktivitetar og pub/cafe. |
| 28 | Hjelpe folk som ynkjer å komme heim til heimstaden sin i kommunen. |
| 29 | Ta vare på sine tilsette. |
| 30 | Varierte arbeidsplassar og økonomisk stønad til vidareutdanning. God kvalitet på skule. |
| 31 | Fleire attraksjonar i kommunen. Auka fritidstilbod. Fokus på mobbetiltak. |
| 32 | Bustadfelt på Dalsøyra. |
| 33 | Leggje meir tilrette for at folk kan etablere seg i kommunen. Etablere fleire kommunale bustadfelt samt ikkje fjerne mogleheieta for å få byggje på private tomter. Det er lite fritidstilbod på Byrknes og omegn. Saknar babysang og babytreff. Kor for små og store. Rimeleg/gratis aktivitetsdagar for alle. Auka helsetilbod i kommunen, mellom anna tannlege. Det er på tide å byggje fleirbrukskallen i Sløvåg. Det er mange gode sponsorar der samt mange intressentar som ynskjer å bruke hallen og fasilitetane. Fleirbrukskallen treng ikkje vere tilknytt ein skule, den må vere i sentrum slik at flest mogleg har tilgang til den, både i Gulen og Masfjorden. Dette er viktig for at ein skal ha lyst til å bu i kommunen. |
| 34 | Gjere det meir attraktivt å flytte til kommunen. Eg ynskjer ikkje å bruke lang tid på å etablere meg ein stad der framtidige barn får liten omgangskrets med jamngamle og har lite fritidstilbod. |
| 35 | Betre oppvekstmiljø og auka tilbod i kommunen, for både barn og vaksne. |
| 36 | Ikkje bruke alle pengane til kommunen på Eivindvik, det må fordelast på heile kommunen. |
| 37 | Bilbane. |
| 38 | Betre fritidstilbod og auka kollektivtransport. Utbetring av vegane og fleire gangfelt. Det er stort potensiale og mykje kan innbyggjarane gjere sjølv, men kommunen må vere pådrivar. |
| 39 | Byggje ein fleirbrukskall. Gjere det lettare å byggje hus der ein sjølv ynskjer. |
| 40 | Kommunen må innsjå kvar veksten skjer og vere med å byggje der. Fleirbrukskallen må byggjast i Sløvåg slik at verksemndene kan hjelpe. |
| 41 | Meir satsing inn mot Hovden. Mogleg samanslåing mot Masfjordne kommune. |
| 42 | Auka fokus på unge nytiflytta. Fritidstilbod som fleirbrukskall. Fleire unge inn i politikken. Halde barnehagar i utkantane opne. Innbyggjarar flyttar dersom barnehagane blir lagt ned. |
| 43 | Fleire større bustadfelt med tilpassa leiketilbod for barn. Auka fritidstilbod. |
| 44 | Betre veg. Ferge som går heile døgnet. Betre kollektivtransport og auka fritidstilbod. |
| 45 | Auka tilbod kollektivtransport og fritidsaktivitetar. Betre vegar. Ferge som går heile døgnet. |
| 46 | Auka etableringstilskot og fleire kommunale tomter i alle bygdene. |
| 47 | Auka aktivitetstilbod. Betre vegar. Auka kollektivtransport. |
| 48 | Byggje symjebasseng i Sløvåg. La folk byggje der dei ynskjer å bu. |
| 49 | Auka mogleheieter for å få byggje der ein vil bu. Auka fritidstilbod og kulturtilbod. Samarbeide med verksemndene i kommunen. Byggje symjebasseng. |
| 50 | Godkjenne bustadbygging utanfor bustadfelt. |

| | |
|----|---|
| 51 | Lage til kjekke arrangement. Fleire møtestadar for ungdom. |
| 52 | Utbetra vegane. Byggje fleir brukshall eller symjebasseng. Apotek i kommunen. |
| 53 | Symjebasseng |
| 54 | Sikre gode hovudvegar i kommunen. Jobbe med å vidareutvikle tilbod og samarbeide med næringslivet. |
| 55 | Fast stilling som brannmann. |
| 56 | Samarbeid med næringslivet om å byggje symjebasseng. Fjerne eigedomsskatt. |
| 57 | Opne for at folk kan byggje der ein ynskjer å bu. Betre vegar. |
| 58 | Behalde alle skulane. Sørgje for god løn til barnehagertilsette for å sikre kvalifisert personell samt kunnskapsheving for eksisterande tilsette. Moglegheit for å byggje hus der ein ynskjer å bu. Elles er eg godt fornøgd med kommunen. |
| 59 | Fleire samtalar med bebruarar. Prioritere born og ungdom i kommunen ved å auke fritidsaktivitetstilboden og utbetra skuleområda. Generelt auka engasjement mot barnehage og skule. Gulen må jobbe mot å bli meir ettertrakta for å få dyktige og engasjerte folk med utdanning innan barnehage og skule. Kommunen er for lite takknemleg overfor dei som arbeider i barnehage/skule, og nedprioriterar folk som gjer ein god jobb. Gulen kommune som arbeidsgjevar gjer ein därleg jobb; lite takknemlegheit, därleg betalt. Kommunen må ut å snakke med innbyggjarane og behandle dei likt. Det er stor ulikskap mellom skulekrinsane og skeiv økonomifordeling. Mange ynskjer å bu i kommunen, men stor ulikskap der Eivindvik skulekrins blir prioritert gjer at fleire ynskjer å flytte. Det er viktig at dei som sit på kommunehuset er ute og ser slik at dei kan prioritere andre enn seg sjølv. |
| 60 | Barnehage og skule held fram på Dalsøyra. |
| 61 | Lågare gebyr. Større utval når det gjeld nybygg og tomter. |
| 62 | Bli flinkare til å leggje frå seg privatlivet heime. |
| 63 | Samle borna ved å leggje ned nokon av skulane slik at det blir større klassar. Byggje symjebasseng. |
| 64 | Fleire verksemder i kommunen med variert kompetanse og arbeidsplassar. |
| 65 | Gjere det lettare å utvikle bustadfelt og ulike fritidsaktivitetar / møteplassar. |
| 66 | Auka tomtetilgong. Fleir brukshall / symjebasseng. Auka fritidstilbod. Gjere det enklare for unge å kjøpe tomt. |
| 67 | Byggje ut fleire bustadar. |
| 68 | Byggje symjebasseng og ha fleire aktivitetar som konsertar og liknande. |